



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/22	Formannskapet	01.02.2022
07/22	Kommunestyre	07.02.2022

Kommuneplanens samfunnsdel 2022 - 2040 - høyring og offentleg ettersyn

Samandrag:

Plan og bygningslova paragraf 11 – 1 krev at kommunen skal laga kommuneplan med samfunnsdel. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den skal synleggjera dagens ståstad, visa kva for valmoglegheiter ein har og gi føringar for andre kommunale planer.

Vedlagt følgjer forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 for Vanylven kommune.

Samfunnsdelen skal følgjast opp med ein handlingsdel som gjeld for fire år og den skal vise korleis dei ulike områda skal bli realiserte. Handlingsdelen skal reviderast kvart år og kommunelova paragraf 44 seier at økonomiplanen kan vera ein del av handlingsdelen. Vanylven kommune vil peike på at vi vil nytte økonomiplanen som handlingsdel.

Medan samfunnsdelen gjev eit kunnskapsgrunnlag og set retning, altså skildrar kvifor og kvar ein skal, vil dei ulike handlingsplanane vera meir tydelege på målsettingar og korleis ein skal arbeide for å nå måla.

Kommuneplanen er foreslått å ha eit perspektiv fram mot 2040. I forslaget om til kommuneplanens samfunnsdel er delar av planen strukturert opp rundt temaene:

- Folkehelse og livsmestring
- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling

Desse temaene vil også vere førande for sektorplanane som vert utarbeidd/revidert når samfunnsdelen av kommuneplanen er politisk vedtatt. Samt at dei vil vere bunnlinja på det som vert målt i økonomiplanen som er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunestyre 07.02.2022:

Behandling:

Innleiingsvis: Orientering frå Blåmyra v/Sunniva Djupedal om Vanylvens identitet: m.a. tilhøyrrighet, fellesskap, tilgjengelegheit og utvikling.

Samrøystes vedtak som framlegget.

KO- 07/22 Vedtak:

Kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 vert teke til vitande. Planen vert no lagt ut til førstegangs offentleg høyring/ettersyn i henhold til plan- og bygningsloven paragraf 5 – 2 og paragraf 11 – 14.

Tidsramme for høyring er foreslått frå 07.02.22 til og med 21.03.22 (6 veker).

Formannskapet 01.02.2022:

Behandling:

Samrøystes tilråding som framlegget.

FO- 22/22 Vedtak:

Formannskapet tilrår:

Kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 vert teke til vitande. Planen vert no lagt ut til førstegangs offentleg høyring/ettersyn i henhold til plan- og bygningsloven paragraf 5 – 2 og paragraf 11 – 14.

Tidsramme for høyring er foreslått frå 07.02.22 til og med 21.03.22 (6 veker).

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at formannskapet og kommunestyret tek kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 til vitande. Planen vert no lagt ut til førstegangs offentleg høyring/ettersyn i henhold til plan- og bygningsloven paragraf 5 – 2 og paragraf 11 – 14.

Tidsramme for høyring er foreslått frå 07.02.22 til og med 21.03.22 (6 veker).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 01.02.2022 - 22/22

Formannskapet tilrår:

Kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 vert teke til vitande. Planen vert no lagt ut til førstegangs offentleg høyring/ettersyn i henhold til plan- og bygningsloven paragraf 5 – 2 og paragraf 11 – 14.

Tidsramme for høyring er foreslått frå 07.02.22 til og med 21.03.22 (6 veker).

Vedlegg:

VK_Kommunedelplan_Samfunn_Høyringsutkast_Jan22

Saksopplysningar:

Plan og bygningsloven paragraf 11 – 1 krev at kommunen skal lage kommuneplan med samfunnsdel. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den skal synleggjera dagens ståstad, visa kva for valmoglegheiter ein har og gje føringar for andre kommunale planar.

Samfunnsdelen skal følgjast opp med ein handlingsdel som gjeld for fire år og den skal vise korleis dei ulike områda skal realiserast. Handlingsdelen er kommunens viktigaste styrings og rapporteringsverktøy og den skal reviderast kvart år. Kommunelova paragraf 44 seier at økonomiplanen kan vera ein del av handlingsdelen. Vanylven kommune vil peike på at vi vil nytte økonomiplanen som handlingsdel.

Medan samfunnsdelen gjev eit kunnskapsgrunnlag og set retning, altså beskriv kvifor og kvar ein skal, vil dei ulike handlingsplanane vera meir tydelege på målsettingar og korleis ein skal arbeide for å nå måla.

Kunnskapsgrunnlaget i samfunnsdelen er henta frå nasjonale styringsdokument, offentlege tal-kjelder, lokale planar og ei rekkje undersøkingar og kartleggingar som er gjort i Vanylven dei siste åra.

Dei viktigaste kjeldene er KOSTRA, perspektivmelding/stortingsmeldingar, innbyggjarundersøkinga, lokaldemokrati undersøkinga, klimarekneskapet, Folkehelseoversikt/folkehelsebarometeret, kommunebarometeret, tillitsmålingen, kommunekompasset, regional analyse, kystzoneplanen, kartlegging av brukarbehov innan helse og omsorg, tilstandsrapport skule, KS framtidsanalyse, eldreplan, plan for barn og unge, økonomiplan, FN sine berekraftsmål.

Dei ulike sektorane har kome med innspel på kva for utfordringar dei ser og på korleis dei kan løysast.

Det er i tillegg gjennomført ulike samlingar for innspel til planen, politikardag 19. april og 22. november 2021 og digitalt folkemøte med grendalaga 16. juni 2021. På politikardagen kom det fram ønskje om at samfunnsdelen skal vera konkret i sine problemstillingar og vise kva val ein har i framtidige slutningar.

Planen er også laga med bakgrunn i tidlegare politiske prosessar der det blir vist til at temaet som er blitt handsama skal drøftast vidare i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen skal svara ut overordna føringar kommunen skal forhalde seg til samtidig som ein skal sjå etter lokale behov og løysingar. Den skal sjå etter langsiktige gevinstar og vise dei samanhengane som gjev størst effekt på kommuneøkonomien og skapar eit livskraftig lokalsamfunn. Dersom kommunen spelar på lag med omgivnadane, vil tenestene bli betre og den enkelte innbyggjar i Vanylven vil oppleve høgare kvalitet i dei ulike livsfasane.

Dei gjennomgåande tema for samfunnsdelen må difor belysa det som påverkar livskvaliteten til bebuarane i kommunen og dei må vise kva som er føresetnader for eit utviklingsorientert og berekraftig lokalsamfunn. Fellesnemnaren for dette kan ein

tre overskrifter:

- Berekraftig utvikling
- Demokrati og medborgarskap
- Folkehelse og livsmeistring

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at kommuneplanens samfunnsdel 2022 – 2040 vil være et godt styringsdokument som gjev retning til kommunens utvikling og arbeid både som samfunn og organisasjon. Målene i samfunnsdelen vil legge føringar for alt planarbeidet og kommunens årlige handlingsprogram og budsjett.

Utkast vert no lagt ut på høyring. Første høyringsperiode er foreslått frå 07.02.22 til og med 21.03.22 (6 veker). I høyringsperioden vert det gjennomført digitale folkemøte og involverande aktivitetar for å sikre involvering, eigarskap og engasjement rundt høyringa av samfunnsdelen.

Etter høyringsperioden vil alle innspel som har kome fram legjast ved i neste politiske behandling med ei tilråding på kva for innspel som bør takast inn i samfunnsdelen. I denne politiske behandlinga vil kommunestyre ta stilling til om samfunnsdelen skal vedtakast med evt. foreslåtte endringar eller om planen bør sendast ut på ny høyring etter at nye innspel er innarbeida i dokumentet.

Budsjettkonsekvenser og prioriteringar vil bli behandla i årlige budsjett og handlingsprogram. Konkrete tiltak i sektorane vert prioriterte i eigne politiske behandlingar/godkjende sektorplanar. Både økonomiplanen og sektorplanane vil såleis fungere som handlingsdel til samfunnsdelen.

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør